

REIME GJØDSELSEPARATOR



Ein betre kvardag

Gjødselhandtering har til alle tider krevja store ressursar og mykje tid i landbruket. Lagring, fysisk slit, avrenning og forureining er element som til tider har resultert i kraftlause gardsarbeidarar og sinte naboar. No trugar også nye gjødselforeskrifter kvardagen til mange bønder, og krev at dei må tenkje nytt i samband med gjødselhandteringa på garden sin. Gjødselseparering er løysinga for deg som treng å få løyst desse utfordringane. Ei investering som vil ta hand om problema og gje deg ein betre kvardag!

Reime

REIME SEPARATOREN

- Separerer effektivt ut det faste stoffet frå blautgjødsla

Reime

Reime separatorene representerer ein teknologi som gjer gjødselhandtering i landbruket enklare og meir effektiv. Separatoren skil tørt og blautt frå kvarandre, slik at ein får ein avrenningsfri tørrstoffdel og ein væskedel med lågt partikkelinnhald. På denne måten vert gjødselhandteringa mindre resurskrevjande og ein oppnår ein betre kvalitet både på gjødsel og arbeidsprosess.

Lagringsproblematikken vil også reduserast, ettersom tørrstoffdelen kan lagrast rett på bakken eller transporterast vekk. Tørrstoffet er dessutan godt eigna til kompostering.

Miljøgevinst og reduserte kostnader

Målingar gjennom vitenskaplege studie syner at gjødselseparering reduserer ammoniakktapet vesentleg i samband med spreining av gjødsla. Gjødselseparering gjer at gjødsla får vesentleg betre infiltrasjonsegenskapar. Ved spreining av ubehandla gjødsel ligg ammoniakktapet vanlegvis mellom 20-40% av det totale nitrogeninnhaldet i gjødsla. Ved spreining av den blaute delen kan ein potensielt senke det ned til 10-25%. Det vil seie ein reduksjon på kring 15-20 prosentpoeng! Dersom ein i tillegg tilsett vatn i den blaute separerte delen kan ein under optimale forhold ligge så lågt som 5%. I tillegg vil også fosforutsleppa reduserast kraftig ved spreining av husdyrgjødsel etter separering. I hovudsak skjer dette fordi fosfor er i stor grad bunden til partiklar, som då vert skild ut av gjødsla ved separering. Då kan ved mange tilfelle tapet av fosfor ligge så lågt som under 1-2% av det totale fosforinnhaldet i den opphavelge ubehandla gjødsla.

Handteringsfordelar

Etter separering får me ein tyntflytande veskefraksjon som krev minimal omrøring, og er lett å pumpe i eksempelvis vatningsanlegg. I tillegg reduserast lagerbehovet ettersom den turre delen vert separert ut av kummen. Ved spreining av den blaute separerte delen vil tilgrising av plantearealet avgrensast.

Mindre ugrasfrø i gjødsla

Som regel inneheld husdyrgjødsel ein betydeleg del ugrasfrø. Ved separering vil ein stor del av desse frøa miste spiredyktigheita si. I fastgjødsla vil ein få varmgang slik at ugrasfrøa vert øydelagd. Ein ser også at ugrasfrø i veskefraksjonen vil få si spiredyktigheit betydeleg redusert. Etter 4 månader lagring kan alle frø miste spireevna.

Redusert krav til spreieareal

Fosfor er ein avgrensande faktor for spreieareal. Ved separering vil vanlegvis 60-90% av det totale fosforinnhaldet i gjødsla bli separert ut i den turre fraksjonen. Dersom fastgjødsla komposterast og vert selt som hagegjødsla eller på anna måte vert brukt utanfor garden kan denne delen trekkast frå gjødselrekneskapet. Krav til spreieareal vil då kunne reduserast tilsvarande.

Med Reime separatorene får du:

- Veldig slitesterk skrue med Wolfram Carbide hardmetall belegg
- Kvalitetssil i rustfritt stål. Tilgjengeleg for landbruket med sil- opning 0,5mm og 0,8mm

Miljøgevinst


- Reduserer ammoniakktapet ved spreining
- Gjødsel infiltrerast betre i jorda
- Mindre ugrasfrø i gjødsla
- Reduserer lukt

Handteringsfordelar

- Reduserer tørrstoffet i gyllen
- Krev minimal omrøring
- Lettare å pumpe
- Reduserer lagerbehov
- Reduserer transportkostnader

Reduserer krav til spreieareal

- Reduserer fosfor i gyllen
- Kan trekkast frå gjødselrekneskapet
- Gjev auka dyreproduksjon
- Reduserer kostnadane



PRODUKTINFORMASJON

SP 20/4 og SP 200/4



Tekniske spesifikasjoner

El. motor: 3-fase, 230/400 V 50-60 hz

Størrelse:	Motorverninnstillinger		Turtall	Turtall	Forbruk v/drift
	230V	400V	motor	skrue	
3 kW	max. 11A	max. 6.3A	1400 rpm	18,0 rpm	1-2 kW
5.5 kW	max. 19.7A	max. 11.4A	2880 rpm	36 rpm	

Materialer: Stål, syrefast og støpejern for SP 20/4.
SP 200/4 er i sin helhet utført i syrefast stål.

Overflate: Varmforsinket og lakkert for SP 20/4.
SP 200/4 har en el-polert overflate.

Kapasitet: Normalt mellom 3-15 m³/time avhengig av gjødselens beskaffenhet.

Tørrinnold:

Tørr masse: 25-35% avhengig av innstilling og masse.

Væskefraksjon: 2-6% avhengig av partikkelstørrelsen og siltype.

Vekt: ca. 320 kg. (med pumpetilknøtning)